

VEDTEKTER FOR STIFTINGA SOGN OG FJORDANE NÆRINGSUTVIKLING

I tillegg gjeld lov om stiftingar av 15.6.01, nr 59. Dersom der er motstrid mellom vedtektene og lova, går lova føre.

§ 1 Oppretting

Stiftinga er ei næringsdrivande stifting.

Stiftinga er etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune. **Frå 1.1.2020 Vestland fylke.**

Stiftinga sitt firma skal vere Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling og skal ha sitt forretningssete i Førde kommune. **Frå 1.1.2020 Sunnfjord kommune.**

§ 2 Føremål, drift m.v.

Stiftinga har som føremål å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje næringsutvikling og nyskaping **i det geografiske område kjent som Sogn og Fjordane fylke før 1.1.2020.**

§ 3 Grunnkapital

Stiftinga har ein grunnkapital på kr 200.000.

§ 4 Styret

Styret er stiftinga sitt øvste organ.

Valperiode, valrett

Styret vert vald for ein periode på 4 år. Valperioden følgjer den kommunale valperioden.

Valretten ligg til **fylkesutvalet** i fylkeskommunen.

Samansetnad

Styret har tre medlemmer.

Styret skal vere samansett slik:

- 1 medlem frå **fylkeskommunen**
- 1 medlem som representerer næringslivet i fylket
- 1 medlem som representerer arbeidstakarsida

Fylkesutvalet vel leiar og nestleiar.

Styremedlemmer skal veljast mellom representantar som bur og arbeider i det geografiske område kjent som Sogn og Fjordane fylke før 1.1.2020.

Dagleg leiar har møte- og talerett i styret.

Oppgåver

Styret har følgjande hovudoppgåver:

- Å ivareta ansvaret for drifta av stiftinga.
- Å ivareta dei oppgåver som er tillagt styret i lov om stiftingar.
- Å utarbeide godkjent årsmelding, årsrekneskap og å foreta årsoppgjer.
- Å tilsetje dagleg leiar, forretningsførar eller andre arbeidstakarar og fastsetje løns- og arbeidsvilkår for desse.
- Å fastsetje møte-, reise- og opphaldsgodtgjersle for styremedlemene m.v.
- Å handsame vedtektsendringar og spørsmål om oppløysing av stiftinga (omdanning).
- Å velje revisor

Styremøta

For styremøta gjeld følgjande:

- Styret gjer vedtak i møtet, jfr likevel stiftingslova § 31.
- Styret vert innkalla av styreleiar eller når minst to styremedlemer krev det.
- Styret kan gjere vedtak når minst to medlemmer, inklusive styreleiar eller nestleiar, er tilstades.
- Styret sitt vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal. Ved røystelikskep gjeld det som styreleiar har røysta for, jfr likevel stiftingslova § 33, 2. ledd.
- Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal underskrivast av alle dei styremedlemene som deltok i styremøtet.

§ 5 Revisjon, rekneskap, kontroll m.v.

Revisor vert vald av styret.

Stiftinga har rekneskapsplikt etter lov om rekneskap.

Årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding skal sendast Rekneskapsregisteret seinast ein månad etter fastsetjing av årsrekneskapen, jfr rekneskapslova § 8-2.

§ 6 Dagleg leiing

Den daglege leiinga av stiftinga si verksemd skal ivaretakast av ein dagleg leiar. Denne kan vere t.d. ein eigen direktør, styreleiaren, forretningsførar eller andre innleigde personar.

Dagleg leiar har ansvaret for at verksemda vert driven i samsvar med vedtektene og styret sine vedtak.

Dagleg leiar førebur saker for styret og syter for at det vert ført møtebok frå styremøta.

Styret kan fastsetje instruks for dagleg leiar.

§ 7 Representasjon utad

Styret representerer stiftinga utad. Styret kan gi styremedlemer eller dagleg leiar rett til å representere stiftinga utad i samsvar med stiftingslova § 38.

§ 8 Omdanning

1. Vedtektsendring

Styret vedtar endringar i vedtektene. Fylkesutvalet er høyringsinstans med omsyn til endring av vedtekter for stiftinga.

2. Oppløysing m.v.

Styret kan med 2/3 fleirtal tilrå å oppheve, fusjonere eller fisjonere stiftinga. Fylkesutvalet er høyringsinstans med omsyn til eventuell oppløysing, fusjon eller fisjon.

3. Godkjenning av Stiftingstilsynet.

Vedtektsendring, oppløysing eller anna omdanning skal godkjennast av Stiftingstilsynet som har omdanningsmynda.

Førde/.....2019